

# **Forskrift om open brenning og brenning av avfall i småomnar, Øygarden kommune**

## **§ 1.Føremål**

Føremålet med denne forskrifta er å hindre forureining og helseproblem i kommunen som følge av open brenning og brenning av avfall i småomnar.

## **§ 2.Verkeområde**

Forskrifta gjeld open brenning og brenning av avfall i småomnar innanfor kommunen sine grenser.

## **§ 3.Definisjonar**

- a) Open brenning: all brenning som skjer utandørs
- b) Småomnar: forbrenningsovnar som ikkje har særskilt løyve fra Miljødirektoratet eller Fylkesmannen eller er tillatt etter statlege forskrifter etter forurensningsloven.

## **§ 4.Forbod mot open brenning og brenning av avfall i småomnar**

Open brenning og brenning av avfall i småomnar er forbode om ikkje anna følgjer av § 5 i forskrifta.

## **§ 5.Unntak frå forbodet**

Følgjande brenning skal likevel vere tillate:

- a) Open brenning frå grill, utepeis og kaffibål
- b) Brenning av reint avfallstrevirke i vedomn
- c) Brenning av avispapir og liknande i vedomn
- d) Bråtebrenning for rydding av beite og vedlikehald av kulturlandskap på gardsbruk
- e) Bråtebrenning og brenning av små mengder tørt hageavfall utanfor tettbygd strøk. SSB sin definisjon for tettbygd strøk vert lagt til grunn.
- f) Sankthansbål av reint trevirke

Materialene som vert brent skal ikkje innehalde helse- og miljøfarlege stoffer.

## **§ 6.Dispensasjon**

Kommunedirektøren kan i særlege tilfelle dispensere frå forbodet i § 4 etter søknad.

## **§ 7.Tilsyn**

Kommunen fører tilsyn med at reglane i denne forskrifta vert overhaldne.

## **§ 8.Klage**

Vedtak etter denne forskrifta er å rekne som enkeltvedtak og kan påklagast til kommunen.

## **§ 9.Straff**

Brot på denne forskrifta kan medføre straffeansvar jf. forureiningslova § 78.

## **§ 10.Iverksetjing**

Denne forskrifta trer i kraft frå vedtaksdato og opphevar samstundes Forskrift om open brenning og brenning av avfall i småomnar, Fjell kommune, Hordaland, FOR-2008-04-24-424.